

## Høyringsssvar til Prop. 87 S (2023–2024) frå Ulstein kommune og Sande kommune

Ulstein kommune og Sande kommune takkar for høvet til å gi innspel til Prop. 87 S (2023–2024). Som kystkommunar med sterk maritim identitet og eit blomstrande næringsliv, ønskjer vi å fremje viktigheita av å støtte den norske maritime industrien.

### Forsvar av det lokale næringslivet

Det lokale næringslivet i kommunane våre, særleg det maritime, er ryggrada i økonomien vår, og vi er ein del av den maritime klynga i Møre og Romsdal. Vi meiner vi absolutt har mykje og bidra med inn mot Sjøforsvaret. Vi oppmodar på det sterkaste at dei planlagde fartøya for Forsvaret blir bygde på norske verft. Dette vil ikkje berre sikre vedlikehald og service lokalt, men også styrke beredskapen og sikre kritisk kompetanse og arbeidsplassar i vår region, ikkje berre for norske fartøy, men for heile Nato-flåten.

### Nasjonal skipsbyggingsstrategi

Vi støttar fullt ut den nasjonale skipsbyggingsstrategien som er nemnt i Prop. 87 S. Noregs lange skipsbyggingstradisjonar og kompetanse på å bygge og utruste avanserte skip er ein nasjonal ressurs som må verdsettast og utnyttast. Auka kompetanse innan militærskipsbygging vil ikkje berre styrke beredskapen og forsyningstryggleiken, men også bidra til ein meir konkurransedyktig forsvarsindustri.

### Kompetansebevaring og teknologisikring

Verfta og utstyrsbedriftene i vår region er kritisk viktige for nasjonal beredskap. Dei sit på kompetansen og teknologien som kan bidra til å løfte viktige forsvarsmessige prosjekt. Ved å legge til rette for at desse prosjekta blir realiserte lokalt, sikrar vi ikkje berre arbeidsplassar, men også overføring av kunnskap og teknologi.

### Bidrag til nasjonal diskusjon om beredskap

Kommunane og næringa på søre Sunnmøre er dedikerte til å bidra til den nasjonale diskusjonen om korleis Noreg kan sikre beredskap og kritisk kompetanse i eit stadig meir uroleg og usikkert Europa. Vi trur at styrking av det lokale næringslivet er essensielt i denne samanhengen.

Forsvarskontraktar som følgjer av ein slik strategi vil gi ein stabilitet som er uavhengig av dei sykliske svingingane i marknaden. Dette vil sikre kontinuerleg arbeid og bidra til å bygge opp sterke og stabile kompetansmiljø som er avgjerande for framtidig forsyningstryggleik.

### Ringverknader for norsk maritimt næringsliv

Å prioritere norsk maritimt næringsliv i forsvarskontraktar vil ha positive ringverknader for heile kystnæringa. Det vil styrke verft og leverandørar, også dei som ikkje leverer direkte til forsvaret, og skape ein dominoeffekt som vil gagne næringslivet langs norskekysten og lokalsamfunn som i kommunane Ulstein og Sande.

Vi håper at de tek innspela våre på alvor, og vi ser fram til å samarbeide for å sikre Noregs tryggleik og fremje norsk maritim industri.

### Med venleg helsing,

Stian Skorgen Scheide  
ordførar i Ulstein kommune (MR)

Dag Vaagen  
ordførar i Sande kommune (MR)